

Spar Cup vart ein kjempesuksess.

06.09.2016



Dei yngste spelarane til Uskedalen i aksjon. Kjempeflinke!

Spar Cup på Heio sist søndag vart ein skikkeleg folkefest frå ende til annan. I det strålende haustveret deltok 35 lag med unge fotballspelarar og det vart avvikla nær 60 kjekke fotballkampar. Arrangørane er svært fornøgde, og dessutan er dei svært takksame overfor alle som hjelpte til slik at det vart så kjekt.



Jenter 08. Lokaloppgjjer mellom Rosendal og Uskedalen med Bashar frå Stølen som dommar.

Det var svært mykje publikum. Det viste att på bilmengda. I tillegg til at pakeringsarealet var fullt, var det parkert bilar langs ein lang vegstrekning på Døsslandssido. I det gode veret tok folk seg god tid. Dei hasta ikkje heim om laga deira spela tidleg, men nytte dagen på Heio.

-Vi gjekk tom for varer opptil fleire gonger, men Spar var som vanleg fantastisk hjelpsame og sytte for at det vart

fylt på, seier Kjetil Myklebust i fotballgruppa i UIL. Han er full av ros til hovudsponsoren.

- Vi har aldri selt så mykje på Spar Cup tidlegare, seier han vidare og tar det som eit tydeleg teikn på at dei som var på Heio storkosa seg. Som eit eksempel på omsetnaden nemner han at det vart laga 40 liter vaffelrøra og alt gjekk med!

Ute på banen stod dei unge fotballspelarane for flott underhaldning. Der var det Fair Play med liv og lyst, og kampane vart leia av unge dommarar som alle gjorde ein kjempejobb. Thea Taranger, Ida Marie Eidsvik, Silje Soldal og Hanna Tvilde dømte til dei måtte gå kl 12 fordi dei skulle spela kamp i Rosendal kl 14. Deretter overtok Jarand J Eide, Kristian Hansen, Kristian Steinsvik, Espen Aakre, Jostein Soldal og Bashar som nyleg flytta til Stølen.

Fotballgruppa vil takka dommarane for flott innsats, og i tillegg vil dei takka alle andre som hjelpte til med arrangementet, sponsoren Spar, Jonny Hansen og Sjøtroll som stilte opp og serverte grilla aure, dei som hjelpte til med rigging og klargjering, laga vaffelrøre, stod for salg, og dei som hjelpte til på alle andre måtar for at Spar Cup skulle verta så vellukka.

- Det er svært kjekt når vi drar lasset så godt saman, avsluttar den svært fornøgde fotballgrupeleieren.



Uskedal G09.



Uskedal J10



Uskedal mix 09-10, lag 1.



Uskedal mix 09-10, lag 2.



Folksamt og flott på Heio.



Mykje folk på Spar Cup.

Tekst og nett: Tor Inge Døssland
Foto: Kjetil Myklebust og Knut Johannes Ripel.